

**UNIVERSITETET I BERGEN**

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

Arkivkode:		Fakultetsstyresak: <b>85</b>
Saksnr.:		Møte: 13. mai 2002
<b>IVERKSETJING AV KVALITETSREFORMA FØRSTESEMESTERSTUDIET VED FAKULTETET</b>		

Fakultetsstyret vedtok i møtet 17. april å utsetja handsaminga av sak 61A *Førstesemesterstudiet ved fakultetet* til eit ekstraordinært fakultetsstyremøte 13. mai. Dette avdi vedtaket i fakultetet sitt EXU 10. april vart så lite ein tydig at diskusjonen i fakultetsstyret var slik at alt tyda på at det var behov for fleire avklaringar før eit endeleg vedtak. Det vart derfor semje om å kalla inn til eit stormøte med representantar frå alle fagmiljøa, der dekanatet ville leggja fram framlegg til førstesemesterstudium.

Dette møtet vart halde torsdag 2. mai, og i forkant av møtet sende dekanatet ut to ulike skisser til førstesemesterstudium; alternativ A med tre emne: 10 studiepoeng (stp) ex.phil., 10 stp matematikk og eit 10-poengsemne som i ei viss grad skulle vera program-spesifikt, og alternativ B med følgjande tre emne: 10 stp ex.phil., 15 stp matematikk (eitt av to ulike emne, dei same emna som i dag) og eit nytt 5 stp-emne som var meint å skulle gje studentane eit innblikk i naturvitenskapleg forsking. (Meir om desse to alternativa i vedlegg 1: *Førstesemesterstudiet ved fakultetet ved innføring av opptak til ulike studieprogram.*)

I diskusjonen i stormøtet kom ein ikkje nærmare ei avklaring på kva for eit av førstesemesterstudia som ville vera det best eigna for flest mogleg av fakultetet sine studieprogram. Dei fleste fagmiljøa er einige om at ein ikkje må redusera på omfanget av matematikk i realfagsstudia. Derimot ønskjer fleire fagmiljø, til skilnad frå dagens opplegg, å kunna fordela basisemna i matematikk ut over fleire semester. Mange er vidare usikre på om eit 'fagrettleiingsemne' med eit omfang på berre 5 studiepoeng uansett vil vera nok til å gje ein tilstrekkeleg kjennskap til dei ulike faga fakultetet tilbyr. Ein meiner at eit kurs på 10 studiepoeng med innhald som er relatert til dei ulike studieprogramma, vil vera eit betre grunnlag for studentane å finna ut om dei har valt rett studieprogram, eller ønskjer å flytta over til eit anna.

**DEKANATET SI VURDERING:**

Dekanatet si vurdering er gjort med utgangspunkt i det at studentane faktisk *har* gjort eit val når dei søker opptak, og at eventuell flytting mellom studieprogramma er eit 'null-sums-spel' for fakultetet, rekrutteringsmessig sett. Institutta/fagmiljøa bør elles med denne løysinga i større grad vektleggja rekrutteringsarbeidet i forkant av opptaket til fakultetet sine studieprogram.

Dekanatet vil derfor leggja fram følgjande førstesemesterstudium som framlegg til vedtak i dette ekstraordinære fakultetsstyremøtet:

Førstesemesterstudiet i studieprogram ved fakultetet skal bestå av tre emne, kvart på 10 studiepoeng: Ex.phil. skal inngå (10 stp), eitt av to ulike matematikkemne skal inngå (reduserte variantar av dagens M001 og M100), og eit siste 10-poengsemne. Dette siste emnet *kan* inngå som del av spesialiseringa i bachelorgraden.

Det vil vera ei føremon om dette siste emnet vert lagt opp slik at det er mogleg å gå over frå eit studieprogram til eit anna etter eitt semester, altså slik at emnet ikkje er ein obligatorisk føresetnad for å ta emne som ligg i studieprogrammet sitt andre semester. Ein reknar likevel med at studentar som verkeleg ønskjer å endra studieprogram, uansett bør kunna greia å tileigna seg essensielle delar av pensum i dette emnet parallelt med det ordinære andresemesterstudiet. (Emna vert av eit omfang tilsvarende eit emne på 3,3 vekttal.)

Dekanatet vil foreslå at dei ulike studieprogramma står fritt til å koma fram til kva ein ønskjer som dette siste 10-

poengsemnet i første semester. Nokre fagmiljø vil truleg ønskja eit støttefag inn her, og bør i så fall koma snarast mogleg i dialog med relevante fagmiljø (jf. vedlegg 3). For andre studieprogram vil det vera naturleg å leggja inn eit innføringsemne i det aktuelle *faget*.

Ved å velja denne løysinga, kan fakultetet ha ein struktur der *alle* emne i bachelorstudiet er på 10 stp, ikkje berre 2.-6. semester av graden.

## **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Førstesemesterstudiet i studieprogram ved fakultetet skal bestå av tre emne, kvart på 10 studiepoeng. Ex.phil. skal inngå (10 stp), eitt av to ulike matematikkemne skal inngå (reduserte variantar av dagens M001 og M100), og eit siste 10-poengsemne. Dette siste emnet *kan* inngå som del av spesialiseringa i bachelorgraden.

Bergen, 7. mai 2002

EV

Anne Marit Blokhus  
Prodekanus for utdanning

### Vedlegg:

1. *Førstesemesterstudiet ved fakultetet ved innføring av opptak til ulike studieprogram*
2. *Innspill i debatten om "Introduksjon til naturvitenskapene" – fra fagutvalgene i geo-fagene*
3. *Førstesemesterstudiet* (brev frå Institutt for informatikk)